



Stine R. Hindenes  
Hindenesvegen 109  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/629 - 14/9621

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
25.04.2014

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 241/13 Bjørge

Teknisk drift syner til brev datert 16.04.2014 vedkommande søknad om avkjørsle frå kommunal veg for 2 bustadeiningar – gbnr 241/13 Bjørge. Teknisk drift vil gje førehandstilsegn til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for inntil 2 bustadeiningar på følgjande vilkår:

### Vedtak:

Dette er eit førehandstilseg og ikkje eit løyve. Avkjørsle skal være opparbeida av tiltakshavar og godkjent av vegmynde innan 3 – tre år frå dags dato, elles fell tilsegn bort. Kommunen kan ikkje gje byggeløyve for anna enn avkjørsle og grunnarbeid på tomt før det ligg føre godkjent avkjøringsløyve frå Teknisk drift, jf. plan og bygningslova § 27-4.

Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn.

Det må opparbeidast sikt i avkjørsle. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ei sikttrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsle og minimum 50m til kvar side. Siktsona skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, buskvekstar, byggverk (postkassestativ), fjellknauser etc.. som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.

Under avkjørsle skal det leggest ned dreneringsrør på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.

Ytterligere krav vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ei på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Når avkjørsle er opparbeida etter tekniske krav, ta kontakt med sakshandsamar for å avtale synfaring.

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det er med heimel i §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at førehandstilsegnet berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Vedtak om førehandstilsegn er fatta i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endingar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som er open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved Areal og  
Miljøeininga

**Mottakarar:**

Stine R. Hindenes

Hindenesvegen 5993  
109

OSTEREIDET